



# «HIL-POSTEN»

Nr 1. 2009 januar Årgang 4 nr.1.  
Organ for skigruppa i Høydalsmo il

## VEL MØTT TIL SKIKARUSELL I HØYDALSMO.

Høydalsmo il ved skigruppa inviterer alle medlemmer til skikarusell i Ijosløypa kvar

**tysdag kl 18.00 Oppmøte kl 17.45**

Fyrste renn 03.02.09

**Dersom det er - 15 °C ved start kl 17.30 vert skikarusellen avlyst.**

Vi oppmodar alle medlemmer til å bli med, uansett alder. Dette er ein fin trim !

Det vert sett opp ei løypelengde, men ein kan velje kor langt ein vil gå.

Ein må deltaka på 4 renn, av totalt 6 for å få premie.

Det vert renn desse dagane:

- 3.februar fri teknikk
- 10.februar klassisk
- 17.februar fri
- 24. februar klassisk
- 3. mars fri
- 10. mars klassisk - merke renn/klubbmeisterskap

### Smøring

Ein kan få hjelp av Ottar Olav Lid til smøring. Det er sjølv sagt avgrensa kor mange ski Ottar rekk, men ein får hjelp. For smøring elles sjå heimesida.

Vi må for orden skuld gjera merksam på at familien eller borna må ha betala medlemskontingent i laget for å få premie!

Alle f.o.m 14 - t.o.m.17 år kan velje om ein vil vera med på vanleg tidtaking eller få utlevert startkort, gå 3 eller 5 km, klippe kortet ved Ijosløypeboka og levere det ved mål. Kortet må leverast same kvelden til leiar av rennet. Premie - ein i-pod.

Trening langrenn kvar torsdag 17.30-19.30 frå 11 år. Dette gjeld frå den veka skikarusellen startar.

**Løypekøyning.** Høydalsmo il køyrer opp fine løyper heile vinteren. Vi oppmodar dei som går utan ski å halde seg heilt ute i høgre side av løypa.

**Løypa på Skinan** vert køyrt opp i vinterferien og framover til påske og mogleg litt etter påska dersom det er fint føre.

**Dugnadar HIL.** Heile Hil hadde ei netto dugnadsinntekt på kr 16.000 frå festivalar og lignande. Mykje av dette er i ferien på sommaren. Styret har difor vedteke å avvikle dette i 2009 for i staden å satse på eige arrangement som vi får gjennom Noregs Skiforbund. Inntektene her er frå kr 30-60.000.

I år vert det COC 7-8 mars. Vi håpar derfor at alle stiller lojalt opp når dei får dugnadsliste til dette arrangementet.

**Klubbdress-vinter.** Hil tilbyr medlemmane sine klubbdressar for vinterbruk. Jakke er ljoseblå/grå og bukse svart. Born har glidelås til kneet og vaksne heilt opp med, tovegs glidelås.

Pris 6-14 år kr 600, XS-XXL kr 1.200,-

**Prøvekveld på matsalen torsdag 5. feb. 18.00-20.00**

**Årskort til skisentera i Rauland.** Dei som er medlemmer av HIL kan få kjøpt årskort. Pris 0-6 år gratis. 7-15 år kr 1.600,-. Over 16 år kr 2.100 nøkkelkort kjem i tillegg kr 75-.

**NB! Vi køyrer opp løyper på dugnad. No når det er fine spor, blir vi litt leie oss dersom vi ser at enkelte går midt i løypa.**

Dersom de ikkje vil gå på ski så gå i høgre side i kanten av traseen!!

**Klubbmeisterskapen.** Vi har bestemt at dette vert kombinert med skikarusell og merkerenn tysdag 10. mars. I Huka vert det eige klubbmeisterskap.

**Distansekort på ski.** Dette var veldig populært før. No kan ein gå inn på internett for å registrere det ein går. <http://www.barnas-ski klubb.no>

**Heimeside HIL:** <http://www.hoydalsmo.no>

**Kjøp av ski m.m** Alle medlemmer av HIL får 20 % på ski m.m hos Intersport i Seljord. 15 % på anna skiutstyr.

**Andre arrangement**

- 7-8 feb. Norgescup i kombinert
- 8. feb Hukaspretten
- 7-8 mars COC i kombinert
- 29 mars Telemark og Vestfold Cup i langrenn
- 5 april Høydalsmolåmi

**Skiavslutning: april**

**Hopptrening i Huka**

Det er hopptrening i dei små bakkane i Huka kvar onsdag frå kl 1800 - 20.00 etter at Telenorkarusellen er ferdig

**Telenorkarusell i kombinert:**

04.02, 11.02 og 25.02 kl 18.00. Tak med langrennski, ein får låne hoppski. Treningane startar etter at cupen er avslutta.

*Høydalsmo il, skigruppa ynskjer alle ein fin skitur i vinter*